Høyringsuttale frå Våge grendalag - vurdering av framtidig skulestruktur

Våge grendalag viser til kommunen sin pågåande prosess kring framtidig skulestruktur, og ønskjer med dette å gi sitt innspel til saka.

Vi har forståing for at kommunen står i ein krevjande økonomisk situasjon, og at det difor er naudsynt å snu kvar stein for å sikre ei berekraftig framtid. Våge grendalag ynskjer å rette ei takk til kommuneadministrasjonen for ein god, open og grundig prosess i denne saka. Ungdomstrinnet ved Våge skule har vore truga ved fleire tidlegare høve, men denne runden skil seg ut i positiv retning, både når det kjem til nivået på utgreiingsarbeidet som blir gjort, men ikkje minst på graden av medverknad vi som innbygjarar i kommunen har opplevd i saka. Administrasjonen sitt grundige arbeid har skapt ein heilt annan aksept og forståing blant innbyggjarane for at debatten kjem opp denne gongen. Den gode involveringa og den tydelege kommunikasjonen vert sett stor pris på.

Når det er sagt, må Våge grendalag på det sterkaste fråråde å flytte ungdomstrinnet frå Våge skule til Dingemoen skule. Eit slikt vedtak vil få dramatiske konsekvensar for elevane, familiane og heile lokalsamfunnet vårt, basert på særleg to hovudargument;

1. Lang reiseveg og uforsvarleg reisetid: det er 33 kilometer frå Våge skule til Dingemoen skule. For dei elevane som bur lengst vekke i skulekrinsen vår er det over 40 kilometer til Dingemoen frå heimen deira. Reisetida for dei som bur lengst vekke vil komme opp mot 1 time og 20 minutt kvar veg. Dette betyr at 13-åringar vil få ein skulekvardag med over 2,5 timar på skulebussen kvar dag. Dette er ikkje berre negativt ut frå omsynet til elevane sitt læringsmiljø, helse og overskot til fritidsaktivitetar, men det tøyer òg grensene for kva ein kan kalle ei forsvarleg reisetid og skuleveg for ungdomsskuleelevar. Vi meiner det er over grensa. Når ein skal vurdere konsekvensane for elevane av lang skuleveg så er det sjølvsagt tida som er det viktigaste elementet, men tilstanden og kvaliteten på vegen spelar òg ei rolle. Å køyre 1 time med buss på E39 oppleves langt mindre belastande enn å køyre 1 time mellom ytre Fjaler og Dale.

2. Kritisk for næringsutvikling og rekruttering: Fjaler, og Våge skulekrins står akkurat no framfor ei historisk og formidabel satsing. På industriområdet på Lutelandet er det landbaserte oppdrettsselskapet Bue Salmon i ferd med å etablere seg. Dette er ei kjempeinvestering som vil medføre stor aktivitet, store ringverknader og ei massiv utvikling av heile regionen vår. For at slike etableringar skal lukkast, er ein heilt avhengige av å kunne rekruttere og halde på arbeidskraft. Ein suksessfaktor for å få barnefamiliar til å busetje seg i området, er at det eksisterer eit fullverdig og nært skuletilbod. Dersom ungdomstrinnet vert lagt ned, vil det svekke attraktiviteten til Våge-området radikalt. Næringslivet i ytre Fjaler bidreg med store ekstraordinære inntekter til Fjaler kommune gjennom at både Lutelandet Vindkraftverk og havbruk er geografisk plassert i vårt område.

Avslutningsvis: Våge skule er hjartet i lokalsamfunnet vårt og sannsynligvis ei svært viktig brikke for den store industrielle veksten vi no står på dørstokken til. Ei flytting av ungdomstrinnet vil nok føre til at barnefamiliar ikkje ser noko anna løysing enn å flytte sidan avstandane rett og slett blir for store. Vi fryktar at ei flytting av ungdomstrinnet på Våge vil vere startskotet på ei ganske effektiv nedbefolking av ytre Fjaler.

Med venleg helsing
Våge grendalag.
Øystein Våge
Leiar